

Herbariet til Ivar Aasen

Då Ivar Aasen var i midten av 20-åra, laga han eit herbarium med 509 plantar. Vekstane har han plukka, pressa, kategorisert, namngjeve og limt pent og prydeleg på store ark. Ein kan sjå herbariet i utstillinga i Aasentunet. Ein kan også sjå herbariet til Ivar Aasen i [Digitalt museum](#).



Framleis, nesten 200 år seinare, ser ein at stilkane og blada er grøne, dei lilla blomstrane er lilla og dei gule er framleis gule. Flinke botanikarar som har vurdert herbariet, finn nesten ingen feil. Botanikaren Johannes Lid meinte at Ivar Aasen må ha hatt ei uvanleg evne til å sjå skilnaden mellom plantane.

Lag eit herbarium

Å samle plantar til eit herbarium er ein kjekk aktivitet å gjere ute no om våren. Ta ein tur ut saman med barna, ta med korgar, plastmapper eller posar til å samle plantane i, ein god flora, og papirlappar og skrivesaker så de kan skrive namn på plantane de finn.

Når de kjem tilbake til skulen, kan de presse plantane. De kan bruke blomsterpresse, eller de kan bruke stive plater og bøker. Det kan vere lurt å leggje plantane mellom papir. Skriv namnet på plantane på arket dei ligg på. Det er mykje lettare å namngje plantane før dei er pressa. Det kan liggje fleire plantar i same presse, men dei må skiljast frå kvarandre med avispapir. Dei må liggje i press 3–10 dagar. Då kan de lage fine blomsterbilete til å henge på veggen, eller klassen kan lage eit herbarium. Slik kan vi ta våren og sommaren med oss inn i hausten og vinteren.

På sida til NDLA finn du instruksjen [Slik lagar du eit herbarium](#). Hugs å velje nynorsk.

[Artsdatabanken - Kunnskapsbank for naturmangfold](#) har ein god, gratis app som heiter Artsorakel. Den kan vere til hjelp dersom ein ikkje finn ut kva plante ein har funne.

